Vestland fylkeskommune

INV - Forvaltning og utgreiing
INV - Forvaltning Bergensområdet

Vår referanse 2021/55738-2
Dato 02.12.2021

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Svar - Søknad om dispensasjon frå byggegrense - støyskjerm og gangveg - fv. 565 - gnr 144 bnr 8 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har mottatt søknad frå dykk datert 24.11.2021 som gjeld dispensasjon frå byggegrense for å oppføre støyskjerm og bygge gangveg langs fylkesvegen.

Omsøkt areal er regulert i bebyggelsesplan for Kjelstraumen og i reguleringsplan for gang/sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy. Dispensasjonssaka skal derfor behandlast etter plan- og bygningslova. Fylkeskommunen har rett til å uttale seg til søknaden fordi vi er direkte berørt, jf. pbl. § 20-1.

Vestland fylkeskommune har ikkje merknad til at det blir bygd gangveg langs sjøen slik det er skissert i situasjonsplanane.

Når det gjeld støyskjermen langs fylkesveg 565 viser vi til Rammeplan 2021-2024 som viser at fylkesvegen ligg i streng haldningsklasse, og er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. I denne haldningsklassen er det tilrådd at vi skal legge byggegrensa i veglova på 50 meter til grunn. Det er opna opp for unntak. Då skal følgjande omsyn ligge til grunn, jf. rammeplanen:
«Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa vurderast. Støykrava i byggteknisk forskrift skal oppfyllast.»

Det er ikkje gang- og sykkelveg på staden. Fartsgrensa er 60 km/t. Tiltaket kjem derfor delvis inn under kriteria for unntak.

For å kunne ta stilling til støyskjermen meiner vi det må leggast fram ei støyvurdering og ei grunngjeving for at støyskjermen skal stå der det er søkt om. Det må og leggast fram teikning som viser korleis støyskjermen skal utformast med skildring av materialbruk, og det må utarbeidast eit situasjonskart som viser kor den skal plasserast. Det skal vere ført på situasjonsplanen avstanden støyskjermen skal ha til vegmidte på fylkesveg 565. Vedlagt situasjonskart er ikkje godt nok grunnlag for å vurdere søknaden.

Vi viser til at det er regulert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen på denne strekninga. Ein eventuell støyskjerm kan ikkje kome i konflikt med framtidig bygging av gang- og sykkelvegen, og kan derfor ikkje plasserast i areal med føremål gang- og sykkelveg eller fortau i reguleringsplanen.

Utover dette er fylkeskommunen opptatt av at plassering av støyskjerm ikkje skal vere til ulempe for drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Før kommunen avgjer saka, rår vi til at de får det nemnde tilleggsmaterialet frå søkar. Vi ber om at de rådfører dykk med oss, dersom støyskjermen skal plasserast nærmare vegmidte enn 10 meter.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Kari Elster Moen
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift